

Lærdal kommune

Detaljreguleringsplan for RV/E16, Håbakken med avkøyrslar og lokalvegnett

Føresegner

Planid: 14.....

Oppdragsnr.: 5188619 Dokumentnr.: 02 Versjon: E02
2019-10-04

Oppdragsgjevar: Lærdal kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Norconsult AS v/Jon Ove Lomheim
Rådgjevar: Norconsult AS, Campus Fosshaugane, Trolladalen 30, NO-6856 Sogndal
Oppdragsleiar: Jon Ove Lomheim
Fagansvarleg: Jon Ove Lomheim
Andre nøkkelpersonar: Johannes Myrmel, Cornelius Erstad

E02	2019-10-04	Til godkjenning Lærdal kommune	CE	JOL	JOL
D01	2019-08-26	Til fagkontroll og godkjenning handsaming	IrHMe	Jon Ove Lomheim	Jon Ove Lomheim
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken med avkøyrsler og lokalvegnett

Vedlegg B: Planføresegner

Planid:

Lærdal kommune

Sist revidert: 04.10.2019

Vedteken:

1 SIKTEMÅLET MED PLANEN

Hovudsiktemålet med planen er å legge til rette for løysingar for E16 forbi Håbakken næringsområde slik at nytt kryss til dette næringsområdet kan etablerast. Såleis kan næringsområdet byggast ut i tråd med vedteken reguleringsplan. Planen sikrar også løysingar slik at alle tilkomstar til eigedomane på strekninga vert via vegkryss.

Sjå også planomtalen datert 04.10.2019.

2 AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

Det regulerte området er vist på plankartet med plangrense, sist datert den 04.10.2019, og godkjent av Lærdal kommune den

Areala skal nyttast til følgjande formål:

2.1 Bygningar og anlegg, jf. PBL § 12-5, ledd nr. 1

- Bustad (B) [Rp 1110]
- Næring/tenesteyting (BN) [Rp 1300]
- Offentleg tenesteyting (BOP) [Rp 1160]

2.2 Samferdsleanlegg og tekniske infrastruktur, jf. PBL § 12-5, 2. ledd nr. 2

- Køyreveg (SKV) [Rp 2011]
- Anna veggrunn – teknisk anlegg (SVT) [Rp 2018]
- Anna veggrunn – grøntareal (SVG) [Rp 2019]

2.3 Landbruks- natur og friluftsområde, samt reindrift , jf. PBL § 12-5

- Landbruksformål (LL) [Rp 5110]

2.4 Omsynssoner, jf. PBL § 12-6

- Frisiktsone [140_1-9]
- Raud støysone [210]
- Gul støysone [220_1-6]
- Ras- og skredfare [310_1-2]

2.5 Bestemmelsesområde, jf. PBL § 12-7

- Midlertidige byggje- og anleggsområde [#1-12]

3 FELLES FØRESEGNER

3.1 Verneverdiar for kulturmiljø/naturmangfald, jf. PBL § 12-7, nr. 6

Dersom det under anleggsarbeidet dukkar opp automatisk freda kulturminne skal arbeidet utan opphald verte stoppa og utviklingsavdelinga i fylkeskommunen skal varslast, jf. Kulturminnelova § 8-2.

3.2 Miljøkvalitet og samfunnstryggleik

3.2.1 Forureining i grunnen

Dersom det under anleggsarbeidet vert avdekka forureina grunn, skal ansvarlig mynde varslast, jf. Forureiningslova § 7.

3.3 Byggegrense

3.3.1 Byggegrenser

Byggegrenser er vist på plankartet.

3.3.2 Byggegrense mot E16

Byggegrense mot E16 er 25 meter rekna frå senterline framtidig riksveg etter ny vegnorm H1. Inntil eigedomsgrensa mot E16, kan det etablerast trafikkareal på privat eigedom.

3.4 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal, så langt som praktisk mogeleg, leggjast til grunn for planlegging, søknad om tiltak og opparbeiding av bygningar og anlegg, for å sikre god tilgjenge til uterom og bygningar for alle.

3.5 Støy

Nasjonale retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, skal leggjast til grunn for vurdering av skjermingstiltak og støy i anleggsperioden.

Støyskjerming skal skje lokalt og/eller gjennom fasadetiltak for å tilfredsstille krav i retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442.

3.6 Eigartilhøve

Planen tek ikkje stilling til eigartilhøve som ikkje er nemnt her

3.6.1 Offentlege areal

- Køyreveg o_SKV
- Annan veggrunn – teknisk anlegg o_SVT
- Annan veggrunn – grøntareal o_SVG

3.6.2 Felles areal

- Køyreveg f_SKV5 er felles veg for eigedomane 16/27, 16/30, 16/34,,16/44, 19/12, 19/28
- Køyreveg f_SKV6 er felles veg for eigedomane 16/17, 16/19, 16/34
- Køyreveg f_SKV7 er felles veg for eigedomane 16/6, 16/11, 16/27, 16/28,16/30, 16/36, 16/44, 16/49, 19/10, 19/12, 19/20, 19/28, 19/30, 19/31 og 19/33.

3.7 Vassmiljø

Inngrep i bekkar må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og ev. seinvinter.) Utbygginga skal ikkje gjere miljøtilstanden i Kjerringjel og Lærdalselva dårlegare (jf. vassforskrifta)

3 REKKJEFØLGJEKRAV

4.1 Utfyllande planar og dokumentasjon

Saman med søknad om byggeløyve skal følgjande dokumentasjon ligge ved:

4.1.1 Teknisk vegplan

Det skal leggest ved tekniske detaljteikningar/byggeplanar for vegareal i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Avvik skal grunnjevast. Planane skal godkjennast av rett vegmynde.

4.1.2 Byggesøknad

Vedlagt søknad om igangsetjingsløyve skal det vere dokumentert korleis handtering av vatn, avlaup og overvatn er løyst gjennom VA-plan.

Ved byggesøknad skal det utarbeidast situasjonsplan som syner avkøyrsløp, parkering, terrengbehandling, gjerde over 1,5 meter, beplantning, plassering av søppeloppbevaring og innretningar som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova med forskrifter. Ved større tilbygg eller ombyggingar skal utomhusanlegg byggast om i samsvar med grøntplan for Håbakken. Plassering, høgde og utforming av innhegning skal godkjennast av kommunen. Areal mellom veg og byggegrense bør fortrinnsvis gjerdast inn med låge gjerder eller hekkar. Lagring skal skjermast med gjerde/skjerm eller føregå innandørs. Tekniske anlegg skal skjermast av bygningsdelar eller gjerde/hekk som harmonerer med bygga elles. Mellom byggegrensa/byggelinje og formålsgrense mot regulert vegetasjonsskjerm skal det etablerast tett vegetasjon

Krav til byggesøknad kjem og fram av tilgrensande plan: Områderegulering for Håbakken – delområde 1. Der eigedom har begge gjeldande reguleringsplanane på arealet, vil føresegnene frå begge planane vere gjeldande ved byggesøknad.

4.2 Før næringsområda vert teke i bruk

4.2.1 Kollektivanlegg

Før det kan gjevast ferdigattest for næringsområdet skal kryss med forbikøyringslomme etablerast og eksisterande avkøyrsløp til næringsområdet skal stengast.

5 BYGNINGAR OG ANLEGG

5.1 Bustad (B)

Arealet stadfestar eksisterande bruk av eigedom 16/34. Deler av eigedomen kan takast i bruk til midlertidig anleggsområde når ny lokalveg skal byggast.

5.2 Næringsbygningar (BN)

Arealet stadfestar regulert arealbruk i reguleringsplan Håbakken, del 1. Deler av eigedomen kan takast i bruk til midlertidig anleggsområde når framtidig E16 skal byggast.

5.3 Offentleg og privat tenesteyting (BOP)

Arealet stadfestar eksisterande bruk av eigedommen. Deler av eigedomen kan takast i bruk til midlertidig anleggsområde når ny lokalveg skal byggast.

6 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

6.1 Køyreveggar

6.1.1 Offentlege køyreveggar

Dei offentlege køyrevegane stadfestar eksisterande bruk for E16 og nye plasseringar av kryss og lokalveg.

Den lokale vegen kan byggast med breidde inntil 6,5 meter og utvidast i kurver for framkomst til lastebil (L).

6.1.2 Felles køyreveggar

Dei felles køyrevegane gir justert tilkomst til eigedomane langs vegen sør for E16. Vegen kan byggast inntil 4 meter brei og utvidast i kurver for framkomst til liten lastebil (LL).

6.1.3 Avkøyrsler

Avkøyrslene markerte med punktsymbol for avkøyrsler er tilkomst frå regulerte vegar til eigedomen vegenlegget går gjennom. Plassering av avkøyrsler kan justerast for best mogeleg tilpassing til veg, terreng og stetting av siktilhøva.

6.2 Annan veggrunn – teknisk anlegg

Annan veggrunn – teknisk anlegg sikrar areal til kanalisering av arm i krysset.

6.3 Annan veggrunn - grøntareal

6.3.1 Annan offentlig veggrunn – grøntareal

Arealet sikrar dei offentlege vegane. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i dette areala som kan skade eller endre dei offentlege vegane

6.3.2 Mindre avvik i skråningsutslag kan skje som følgje av uføresette tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar eller feil i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal omdisponerast til vegformål kan avvike noko frå formålsgrensene.

7 OMSYNSSONER

7.1 Omsynssone – frisiktsone, H140_

I frisiktsone skal det vere fri sikt ned til ei høgd på 0,5 meter over køyrebane i tilgrensande vegar. Det må ikkje plasserast vegetasjon, gjerde, biloppstilling, avfallsdunkar etc. som kjem i konflikt med dette. Unntak er enkeltstående hinder som skilt, stolpar og oppstamma tre.

7.2 Omsynssone – støy, H210_ og H220_

7.2.1 Støysoner

Raud støysoner er vist med H210_ 1 og gul støysoner er vist med H220_ 1-6.

7.2.2 Tiltak i støysoner

T-1442 «Støy i arealplanlegging» skal leggast til grunn ved arealplanlegging og ved handsaming av einskildsaker som gjeld oppføring av støyømtolig utbygging i gul støysoner.

7.3 Omsynssone – ras- og skredfare, H310__

7.3.1 Ras- og skredfare

Ras- og skredfare er vist med H310_1-2.

I faresone H310_1 kan det ikkje gjennomførast tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3 i teknisk forskrift til plan- og bygningslova.

I faresone H310_1 og H310_2 kan det ikkje gjennomførast tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 i teknisk forskrift til plan- og bygningslova.

§ 8 Bestemmelsesområde

§8-1 Mellombels byggje- og anleggsområde

Desse områda kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegget. Dette er for eksempel mellombelse bygningar (brakker) og anlegg, riggområde og lagring av massar. Områda vert ført attende til bruksformål og utforming slik planen viser seinast to år etter at ny veg er teken i bruk.